

Årsmelding 2018



Bondeungdomslaget
i Oslo

Innleiing

2018 var prega av stor aktivitet i heile laget. Med nesten 700 medlemmer, fire aktivitetsgreiner, eit kulturhus og forretningsverksmed er det mykje som skjer.



Foto: Terje Svindseth

Generelt

Medlemstal

| MEDLEMSTAL | Pr. 31.12.2018 | Pr. 31.12.2017 | Pr. 31.12.2016 | Pr. 31.12.2015 | Pr. 31.12.2014 |
|--------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| BUL | 677 | 701 | 716 | 812 | 861 |
| Av desse: | | | | | |
| Barnelaget | 12 | 8 | 21 | 38 | 64 |
| Idrottslaget | 429 | 452 | 457 | 537 | 566 |
| Leikarringen | 116 | 115 | 114 | 112 | 98 |
| Songlaget | 33 | 37 | 39 | 36 | 40 |
| Teaterlaget | 24 | 22 | 27 | 23 | 20 |
| Ikkje med i særlag | 63 | 67 | 61 | 66 | 73 |



Foto: Rune Bergwitz

Medlemsaktivitetar

Det har som vanleg vore stor aktivitet i særlaga i 2018.

Songlaget har hatt eit aktivt år med konserter og tilskipingar. I vårsemesteret song dei på St. Hanshaugen omsorgssenter. Dei song på gudssteneste i Slottskapellet i mars, og siste helga i april var det deltaking på borgarleg konformasjon i Oslo rådhus. 17. mai song dei på lunsjen i Nynorskens hus og ved opninga av brusteinsballet på Universitetsplassen. 14. juni var det sommarkonsert i Nynorskens hus og to dagar etter song dei ved opninga av Sogn hagekoloni



Foto: Dirigent Mari Tveito og Audun Åby

sin hage- og musikkfestival. 27. juni til 1. juli var dei på tur til Polen der dei deltok på korfestival. Etter sommaren song ei lita grupper songarar frå koret nasjonalsongen ved opninga av junior-NM på Bislett. I oktober var det minikonsert etter seminar på Kroloftet på Frysja. Året vart avslutta med ein hektisk 8. desember; på dagtid hadde dei konserter på to avdelingar av Heimen Husfliden og Backe i Grensen, og avslutta dagen med julekonsert i Margaretakyrkan. Songlaget fekk ny logo seinhaustes. Dirigent for koret er Mari Eckhoff Tveito.

Leikarringen har hatt eit høgt aktivitetsnivået i 2018 Året var fylt med arrangement prega av både rutine og milepæler, som kappler, dansefester som «Lønningspol» og «Listefyll». Dei regelmessige aktivitetane var framleis tysdagsøvingane, BULder og Brak sine øvingar og Søndansen. I tillegg vart det om hausten arrangert nybyrkjarkurs i

samarbeid med BLS. Dette kurset gjekk over 4 gonger i august og september.



Foto: Terje Svindseth

I løpet av året jobba ei svært aktiv jubileumsnemnd med å førebu 2019 – året då ringen fyller 100 år som aktiv leikarring. I november lanserte Leikarringen jubileumsfeiringa si med *Sleppleik*, på Oslo Ladegård med mange til stades og bursdagskake. Per 17.1.2019 står Leikarringen med 136 medlemmer. Leikarringen voner 2019 blir vel så god, og med enda fleire deltakrar på enda fleire arrangement enn i 2018.

drottslaget arrangerte Asics Sentrumsløpet på ein god måte med mellom anna rekordstor deltagking på barneløpet. Idrottsslaget har også arrangert Bislett Games (saman med Tjalve og Vidar), Junior-NM på Bislett, Friidrettsskulen på Bislett og Julestemne.

På idrettsarenaen har det også vore eit bra år. Heidi Weng hadde en kjempestesong med seier i både Tour de Ski og World Cup samanlagt.

Isabelle Pedersen hadde ein sterk sesong med fleire sterke løp på 100 meter hekk. På Bislett Games sprang ho inn til ein fin fjerde plass med 12.78, og i Diamond League-stemnet i London 22. juli sette ho ny norsk rekord med resultatet 12.72. BUL sin stavhoppar Lene Retzius sette også norsk rekord i 2018. Ho hoppa heile 4,50 meter på Clean Air Games på Lambertseter Stadion 30. mai. Mellom-og langdistanseløparen Sigrid Jervell Våg må også nemnast. Ho vann heile 5 NM-gull i sesongen 2018. Blant juniorane utmerka Stefan Skogheim Keyeremeh

seg med norsk aldersrekord på 200 meter i gutar 17 med resultatet 21,31. Sist men ikkje minst utmerka BUL sitt damelag seg på Holmekollstafetten



Foto: Eirik Førde

med ein overlegen siger. Rune Stenersen fekk Idrottsslaget sitt heidersmerke.



Teaterlaget har også i 2018 hatt to framsyningar. Laurdag 19. mai var det premiere på *Skatten på sjørøvarøya*, ein familiemusikal bygd på Robert Louis Stevenson sin klassikar. Regissør var Fredrik Elfstrand. Det vart spela fem framsyningar. Laurdag 8. desember var det premiere på *Det går i familien*, ein farse av Ray Cooney. Det vart til saman åtte framsyningar fordelt på to forskjellige sett. Regissør var Fredrik Elfstrand. Teaterlaget kom i 2018 på 2. plass i NU si nasjonale spørjetevling *Kven veit*.



Foto: Terje Svindseth

Lagsstyret vil takke særlaga for all aktivitet, tilskipingar, framsyningar og styrearbeid, og for samarbeidet i året som har gått.

Vi viser elles til årsmeldingane frå særlag og nemnder.

Nynorskens hus

Nynorskens hus er under oppbygging, under leiing av Liv Hege Skagestad. Framlegg til ein varig modell er under utvikling og skal bli konkretisert i 2019. Nynorskens hus har vidareutvikla si rolle som ein viktig møteplass for folkekultur, barn og unge og kunst på høgt profesjonelt nivå. Grunnlaget for samarbeid med andre nynorskmiljø og -hus er styrka i 2018. Huset har hatt prosjekt som har vekt stor merksemad i Oslo, på nasjonalt nivå og internasjonalt. Den auka merksemada, opprustinga av teknikken har styrka interessa for ekstern utleige og dermed inntekt til laget. Denne merksemada har igjen løyst ut økonomisk støtte til oppgradering av teknikken i salen.

Eigne produksjonar

I 2018 inngikk vi intensjonsavtale om samarbeid med Norsk målungdom og Den mangfaldige scenen om utviklinga av eit tilbod for skulebarn gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Programmet, som rettar seg mot 6. trinnet, er 2-delt. Del 1 skal gi barn og unge ei innføring, oppleving og eigarskap til norsk språk, del 2 er ei teaterframsyning i regi av Den

mangfaldige scenen. I januar 2019 fekk BUL melding om at vi er blitt akseptert av DKS og over 900 skulebarn skal i 2020 vere med på opplegget.

Foto: Terje Svindseth



Norwgian

I 2018 har Norwegian Folk hatt 12 framsyningar for turistar på Princess- cruiseskipa: 10 i Oslo, 2 i Honningsvåg Totalt har om lag 8 000 menneske sett framsyningane som er eit møte mellom folk, litteratur, dans, song og musikk. I 2018 var ikkje særlega i BUL med i tilboden. Det er utsikt til fleire oppdrag i 2019 noko som er interessant å gå vidare med, om dette gir inntekt til verksemada i BUL.

Folk

Fosse i Nynorskens hus

Nynorskens hus skal fram til og med 2019 skape møte mellom Fosse sine tekstar og folk og *Fosse i Nynorskens hus* blir ein av scenene under Fossefestivalen i september 2019.

Visingar/premierar på høgt profesjonelt nivå

BUL har i 2014-2017 utvikla rolla si som vertskap og produsent/arrangør av scene- kunst-

produksjonar og konsertar på eit høgt profesjonelt nivå, og gjort Nynorskens hus kjent som eit viktig kulturhus under oppbygging. Vi har husa Ymist-produksjonen *Draumkvedet*, og har vore ein fast konsertarena for fleire ensamble. Ein av dei prioriterte samproduksjonane huset hadde med eksterne, *Beethoven på 123*, blei gjennomført med stor suksess. Nynorskens hus og Den mangfaldige scenen stod saman bak fire urpremierer og eit folkeleg ball, *Ein Fest for Gleda*, som husa over 300 spelande og dansande utøvarar og publikum.

Ordførar Marianne Borgen, kulturminister Trine Skei Grande og byråd Rina Mariann Hansen kom med helsingar i programmet og Frode Kyvåg opna festivalen. Vi har vore sterkt med i det kunstnarlege, kulturelle og administrative arbeidet for festivalen i oppbyggingsfasen, men frå 2019 tar Engegårvartetten over og NH/BUL vil prioritere andre satsingar.

Vi har styrka vårt samarbeid med nynorskmiljø og i lag med vennelaget Samlaget og DMS om boklanseringar (Ruth Lillegraven siste lyrikksamling og markering av Ottar Grepstad, DMS sin *Gullfebla*).

Samfunnsdebatt, kulturelt og kunstnarleg symposium – Oslo snakkar

Nynorskens hus skal vere med og bidra til ei kulturell utvikling i Noreg gjennom samtalar der dagsaktuelle og utfordrande problemstillingar blir løfta fram - ein motkultur. Lagstyret ga administrasjonen i starten av året signal om at vi skulle prioritere tiltak mot barn og unge (sjå omtale Ein dag i Nynorskens hus), og heller løfte huset som debattarena i 2019. Vi har i 2018 har vi hatt innleiande drøftingar og gjennomført enkelte arrange-

ment som løfter opp spørsmål omkring fridom og evne til å sjå kvarandre. BUL har markert seg internasjonalt gjennom å vere vertskap for det internasjonale Goethe prosjektet *Freiraum* i samarbeid med DMS (mellan anna fekk vi stor merksemd på gresk fjernsyn («Urix»-program) og nasjonalt gjennom Haakon Mehren sitt arbeid med Aksel Waldemar Johannessen (oppslag i NTL-nytt og komande film av Nils Gaup som vil bli sendt på NRK).



Foto: Internett

Kulturfestival


I 2018 har hovudsatsinga når det gjeld festival vore *På 123-festivalen* om Beethoven.



Foto: Internett

Den mangfaldige scenen

Den mangfaldige scenen (DMS) har fått større driftstøtte frå Oslo kommune, noko som gjer at verksemda er styrka; fleire unge deltek og kvaliteten er ytterlegare forsterka gjennom meir langvarige arbeidsavtaler med dyktige lærarar/instruktørar. Den største satsinga i 2018 var *Gullfebla* – ei familieframsyning som hausta stor suksess og som vil bli spelt for mange hundre ung i tida som kjem. DMS er omtalt i stortingsmeldinga for kultur, som blei lagt fram i 2018. I 2018 hadde DMS tilbod til over 300 barn og ungdom, over 50 framsyningar og om lag 6000 publikum.



Ill.: Kathryn Chan Sortland

Faste tilskipingar



Foto: Terje Svindseth

17. mai: Som vanleg starta Reistad dansen for dei mange seg borna i allsong, og delte ut dagen med markering ved frammøtte.
Aasen-bautaen på Vår Frelsers klementiner til alle.



Foto: Kari Velure

gravlund. På ettermiddagen var Songlaget hovudansvarleg for feststunda i Teatersalen før Leikarringen tok ansvar for brusteinsballett på Universitetsplassen kl. 18.14 - 20.00. Songlaget opna ballett, og deretter leia Vegar Vårdal, Olav Christer Rossebø og Åsmund

19. desember var det julegraut, også i år saman med Idrottslaget. Det møtte om lag 130 medlemer, dei fleste av dei barn og unge frå Idrottslaget. Det var i år, som i fjor, kviss leia av styreleiar i Idrottslaget og allsong. I tillegg fekk vi besøk av julenissen som fekk med

Informasjonsarbeid

Det har jamt vorte publisert informasjon på laget sine Facebook-sider. Vi hadde blant anna ein julekalender i heile desember, der vi publiserte interessante ting om BUL og hadde konkurransar der medlemer og andre kunne vinne alt frå boka om IL til hytteovernatting ei heil helg. BUL si side hadde ein oppgang frå 411 til 472 følgarar frå 2017 til 2018. Nynorskens hus hadde 755 følgarar ved utgangen av 2018, ein oppgang frå 700 i 2017.

Vi har bytta leverandør for heimesidene våre, og kontrakta med tidlegare leverandør gjekk ut 31.12.2018. Vi har jobba godt med lansering av nye sider og dei blei lansert rett føre jul. Elles har det blitt kommunisert med medlemer på e-post, i Facebook-grupper og via nyhetsbrev. Nyhetsbrevet skal no kome 4 gongar i året.

Mål arbeid

Mål arbeidet har først og fremst vore knytt til laget sine aktivitetar og målnemnda har stått for mykje av aktiviteten. Fylkesmållaget Vikværingen har vore ein viktig samarbeidspartner.

Profilering på nynorsk av Hotell Bondeheimen og Kaffistova ser ut til å få aukande merksemd. Forretningane spør no sjølv

etter kurs, og viser meir velvilje og motivasjon. Men også i 2018 har det vore rom for betring. Nynorskkurs til forretningane må av praktiske grunnar vente til 2019. Det har elles blitt utarbeidd eit faktaark med nynorskressurssar til forretningane, med blant anna lister på nynorske bloggar, Instagram-kontoar og liste over

Særlega vert oppmoda om å bruke nynorske tekster når stykke og repertoar vert valt, og i kommunikasjon elles. Nemnda kan vere til hjelp når det gjeld praktisk rådgjeving i laget og forretningane. Det er ønskeleg at det vert rydda meir plass til nynorsk og språklege emne i Nynorskens hus, og det må større delar av laget vere med på. Målnemnda må også fokusere på dette.

Målnemndaharskipa til kulturtildelingar i Nynorskens hus i samarbeid med Vikværingen, for å fremje bruken av nynorsk språk i kulturtiltak i Oslo. Blant anna skipa dei til møte om bunadar i april og ei markering for 200-årsminnet for Aasmund Olavsson Vinje i september. Det var om lag 40 frammøtte i april og godt over 80 personar i september.

Foto: Internett
Målnemnda var medtilskipar for sem-

andre hotell og bunadsbutikkar som nyttar nynorsk. Nynorsk vert framleis brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sidene til Bondeungdomslaget, Songlaget, Teaterlaget, Leikarringen og Nynorskens hus. Dette er av verdi for å ta vare på det nynorske språket i laget, og har noko å seie for å gjøre nynorsken synleg i kulturarbeid i Oslo. Det er ønskeleg at Idrottlaget nyttar meir nynorsk, særleg på sosiale media.



inaret Kven var Aasmund Vinje på Litteraturhuset i september. Sminaret var tilskipa saman med Norsk Måldyrkingslag og Høgnorskringen. Også i 2018 har målnemnda støtta Nynorsk motivasjonsdag for lærarar på Det Norske Teatret med praktisk hjelp.

Tilskipingar i 2018

Denne lista viser tilskipingar i regi av BUL med særlag, arrangement der særlaga har vore med, og andre arrangement i Nynorskens hus (NH).

Tilskipingar i utheva skrift er i regi av BUL, i kursiv er arrangement der BUL har vore med.

| | | | | |
|----------------|--|--|------------------|--|
| Januar | | | | |
| 20. – 21. | Audition DMS | | 9. – 15. | <i>Nordlek 2018 (Leikarringen)</i> |
| 24. | Søndans, NGI Sognsveien 72 | | | |
| 26. – 28. | Draumkvedet – Ei reise i tida og i menneskesinnet (i NH) | | August | BUL sin friidrettskule (Idrettslaget) |
| | | | 6. – 12. | Har du hørt? – Oslo kammermusikkfestival (i NH) |
| | | | 19. | Lyrikk & musikk I og II – Oslo kammermusikkfestival (i NH) |
| Februar | | | 21. – 22. | Junior NM Friidrett, Bislett Stadion (Idrettslaget)(Songlaget song) |
| 2. | God gammaldags trombonekonsert med Norsk tromboneorkester (i NH) | | 24. – 26. | Nybyrjarkurs i norsk folkedans (for studenter) |
| 10. | Sa'o – folkemusikk frå heile Noreg (i NH) | | 28. – 31. | |
| 17. | NÅ – Ein konsertserie av Ensemble Allegria (i NH) | | | |
| Mars | | | September | Nybyrjarkurs i norsk folkedans (for studenter) |
| 2. – 4. | Lilla, framsyning presentert av DMS | | 1. – 18. | KRANTZ // Sesongopning 1. september (i NH) |
| 7. | Liggekonsert med Slagr (i NH) | | 1. | Hyttetur til Bondehytta med Leikarringen |
| 11. | Sound/Words/Bodies (i Nynorskens hus) | | 8. | Kulturveld om Vinje |
| 15. | Konsert på St. Hanshaugen Omsorgssenter (Songlaget) | | 12. | NÅ – Ein konsertserie av Ensemble Allegria (i NH) |
| 18. | <i>Gudsteneste i Slottskapellet (Songlaget)</i> | | 16. | Mein ziemlich seltsamer Freund Walter – Goethe-Institut (i NH) |
| 27. | TIMBER (i NH) | | 17. | NÅ V – Ein konsertserie av Ensemble Allegria (i NH) |
| April | | | 20. – 23. | No Finish Line, Rådhusplassen (Idrettslaget til inntekt for Stine Sofies Stiftelse) |
| 3. | Lønningspols | | 22. – 23. | I kvervlane etter Hulda og Arne Garborg (i NH) |
| 11. | Folkeleg motedrakt og bunader på Austlandet – kulturveld i Nynorskens Asics Sentrumsløpet 2018 | | 25. | Lønningspols |
| 21. | Lilla, framsyning presentert av DMS | | 26. | Forfattartreff med Ruth Lillegraven (i NH) |
| 24. – 25. | <i>Humanistisk konfirmasjon i Rådhuset, Oslo – Songlaget song under seremoniane</i> | | 29. | Marcus Paus & Trygve Madsen (i NH) |
| 28. – 29 | | | | |
| Mai | | | Oktober | Minikonsert med Songlaget etter seminaria på Kroloftet på Frysja |
| 2. – 4. | Fortellevill – Opp frå havet (i NH) | | 6. – 13. | Krantz – Lights out (i NH) |
| 10. | Freiraum – Goethe-instituttet (i NH) | | | |
| 12. | NÅ – Ein konsertserie av Ensemble Allegria (i NH) | | | |
| 17. | 17. mai-feiring i Teatersalen (Songlaget) og Brusteinsball på Universitetsplassen (Leikarringen og Songlaget) | | | |
| 19. – 25. | Skatten på Sjørøvarøya, framsyning av Teaterlaget | | November | <i>Internasjonal korfestival der Songlaget hadde konsert</i> |
| | | | 4. | <i>Oslokappleiken (Leikarringen)</i> |
| Juni | | | 10. | Krantz // Duo TÖ + Koppen (i NH) |
| 5. | Sommaravslutning i Leikarringen | | 10. | Sleppleik – Leikarringen sparka i gang hundreårsjubileet |
| 7. | <i>Bilsett Games 2018 (Idrettslaget medrangør)</i> | | 14. | Beethoven på 123 (Nynorskens hus medrangør) |
| 14. | No skin det sol – Sommarkonsert med Songlaget. | | 16. – 18. | NÅ – Ein konsertserie av Ensemble Allegria (i NH) |
| 16. | Sommarfest på Bondehytta (styret i Bondehytta) | | 18. | |
| 16. | <i>Songlaget song på Sogn hage-og musikkfestival</i> | | | |
| 25. – 30. | BUL sin friidrettskule (Idrettslaget) | | Desember | Julestemne, Bærum idrettspark (Idrettslaget) |
| 27. – 1. juli | <i>Songlaget var på korfestival i Polen</i> | | 1. | Leikarringen si juleavslutning |
| 27. – 1. juli | <i>Landskappleiken (Leikarringen)</i> | | 4. | Mot Jul – Songlaget sin julekonsert |
| Juli | | | 8. | Det går i familien, framsyning av Teaterlaget |
| 1. – 8. | BUL sin friidrettskule (Idrettslaget) | | 8. – 16. | Julegraut i Teatersalen |
| | | | 19. | |

Eigedomar og drift

Lagslokala



Foto: Kari Velure

Lagskontoret har i heile 2018 jobba seg godt inn i dei nye lokala, og dei fungere svært godt. Nye lyse og fine lokaler gjer mykje godt med trivselen. I Teatersalen har vi installert ny nedsenkbar trosserigg til lyskatarar. Det er også montert opp nytt lerret, kjøp nytt mikrofonutstyr og fastmontert PA-anlegg. Vi har kjøpt inn ekstrabein til plattingane. Alt dette kjem godt med både til interne og eksterne arrangement. Samtidig har vi selt unna ein del gammalt utstyr som følgje av oppgraderinga.



Foto: Rune Bergwitz

har laga gode investeringsplaner for framtida.

Hyttene

På Røkleivhytta vart det installert nytt elektrisk anlegg, der lys og varme kan fjernstyrrast. Røkleivhytta var svært godt besøkt, og sjølv om dette gir gode inntekter, er det krevjande for hyttestyret å følgje opp. Bondehytta har plass til mange fleire. Både hyttene blir tatt vare på av få, men svært arbeidssame medlemer i dei to hyttestyrrene. Noko av det mest presserande arbeidet er gjennomført og ein

Utleige

Teatersalen og lagsrommet:

Begge lokala har vore mykje utleigde ved ledig kapasitet.

Kontorlokala:

Deler av lokala i 2. Etasje, som BUL leiger av Bøndenes Hus AS, er leidt tilbake til Bøndenes Hus AS.

Den mangfoldige scenen AS har øvingar og administrasjon



Foto: Terje Svindseth

hos BUL og betaler husleige for dette.

Økonomi og forretningsdrift

Laget hadde i 2018 inntekter på nær 1,6 mill. kroner før renteinnntekter og kostnader på nær 7,2 mill. kroner. Rent-einntekter fra Bøndenes Hus AS

(BHAS) var på om lag 1,5 mill. kroner. Underskotet i



Foto: Internett

lagsrekneskapen vart dekt inn ved at BHAS betalte ned lånet frå. Totalt er det overført 4 mill.

kroner frå BHAS til BUL. Laget har hatt god likviditet gjennom 2018.

Tilsette på lagskontoret

- | | | | |
|---|--|---|--|
| - Kari Bøyum, dagleg leiar, DMS) 100%-stilling, slutta 30. september | - Øystein Bagle-Tennebø, dagleg leiar, 100%-stilling, starta 1. oktober | - Liv Hege Skagestad, plan- og utviklingsansvarleg, 100%-stilling (50 % permisjon for å jobbe i | leiari Idrettslaget, 100%-stilling Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2018. Sjukefråveret er lågt. Laget som arbeidsgjever er bunde av <i>Landsoverenskomsten for virksomheter</i> mellom Virke og arbeidstakarorganisasjonane. |
| - Kari Velure, organisasjonskonsulent, 80%-stilling | - Jørjan Normann, ansvarleg for utleige/sal/teknikk, 50%-stilling, utleigd 7,5 vekentleg til BLS | - Kristoffer Nilsen, dagleg leiar Idrettslaget, 100%-stilling | |
| | | - Eirik Tanberg, administrativ | |

Valde ombod i og for Bondeungdomslaget i 2018

Lagsstyret



Jens Kihl og Olav-Johan Øye er ikke med på biletet.
Foto: Øystein Bagle-Tennebø

På årsmøtet 21. mars 2018 vart desse valde til lagsstyret:

| | |
|---------------|------------------------|
| Leiar | Terje Svindseth |
| Nestleiar | Julie Farseth Berg |
| Styremedlem | Gunnvald Grønvik |
| Styremedlem | Olav-Johan Øye |
| Styremedlem | Jens Kihl |
| 1. varamedlem | Anne Cathrine Johansen |
| 2. varamedlem | |
| 3. varamedlem | |

I 2018 har lagsstyret hatt 10 møte. Leiaren har leia møta. Lagsstyret har handsama 80 saker. Varamedlemene vart kalla inn til alle møta. For å sikra framdrift mellom styremøta og for å

Landsmøtet i Noregs

Ungdomslag

Marie Nicolaisen, Mari Elise Haugen, Maria Austbø og Endre Flatmo

Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden

Arne Nordvi, Olav Kårevik, Kåre Lilleholt, Torbjørn Lauen og Solveig Brekke Hauknes

Årsmøtet i Vikværingen

Terje Svindseth

Landsmøtet i Noregs Mållag

Terje Svindseth, Mari Elise Haugen, Maria Austbø og Håvard Tangen

Årsmøtet i Det Norske Teatret

Bergfinn Aabø, Mari Elise Haugen, Vigdis Rønning, Marie Nicolaisen, Ruth Amdahl, Anne Cathrine Johansen, Vivian B. Sørensen, Olav Kårevik, Olaf Almenningen og Jens Kihl

Årsmøtet i Dag og Tid

Vigdis Rønning, Terje Svindseth og Olaf Almenningen

Styret og rådet Norsk Barneblad

S: Jens Kihl, Rune Bergwitz
R: Vigdis Rønning, Gunnvald Grønvik

Generalforsamling Den mangfoldige scenen AS

Terje Svindseth

Personar/BUL medlemer valde til verv i nærskilde organisjonar

Terje Svindseth er organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag** og nestleiar i **Bygdelagssamskipnaden**. Jens Kihl er nestleiar i **Noregs Mållag**.

Jon Låte er leiar i **Fylkesmål-laget Vikværingen**

Anne Farseth er nestleiar i **Norges Friidrettsforbund**

Laget har i meldingsåret hatt desse heidersmedlemene: Ruth Amdahl og Trond Reitan

Fotografier er tekne av Terje Svindseth, Rune Bergwitz, Kari Velure, Øystein Bagle-Tennebø, Mari Tveito/Audun Aby og Eirik Førde. Eit par illustrasjonsfoto frå internett.



BONDE-
UNGDOMS-
LAGET i OSLO

